



Hordaland Fylkeskommune Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3223 - 17/14515

Saksbehandlar:

Øyvind Stang

Oyvind.Stang@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2017

## Søknad om tilskot til folkehelsearbeid 2017, Lindås kommune

Lindås kommune søkjar med dette om tilskot på kr. 145.000 til folkehelsearbeid i 2017.

**Namn på prosjekt/tiltak:** System for systematisk folkehelsearbeid i Lindås kommune.

**Kort skildring av prosjekt/tiltak:** Lindås kommune har eit mål om å styrke innsatsen på helsefremjande folkehelsearbeid, trafikksikring og systematisk planarbeid. For å få til ei betre koordinering og utvikling av folkehelsearbeidet, har kommunen tilsett ein koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging i tre år i ein 100% stilling. Koordinatoren skal bidra til å byggje opp eit heilskapleg system for folkehelsearbeidet og koordinere ulike prosjekt som går på tvers av sektorar i kommunen. Koordinatoren er tilsett i kommunen si planavdeling og har mellom anna vore involvert i kommunen sitt arbeid med å revidera kommuneplanen.

Ein viktig del av satsinga framover er å utarbeide eit system som sikrar at Lindås kommune jobbar systematisk med folkehelse i åra som kjem. Ein ynskjer òg å kome i gang med konkret folkehelseiltak basert på dei utfordringane som kommunen har. Kommunen vil mellom anna ha eit særleg fokus på handlingskapande trafikksikringsarbeid, og oppfølging og vidareutvikling av dette området vil vera eit viktig arbeidsfelt.

### Tiltak:

- Utarbeide eit system for systematisk folkehelsearbeid i Lindås kommune
- Sikre at folkehelseperspektivet vert godt ivareteke i samfunnsdelen av kommuneplanen og i kommunedelplan for Helse og omsorg. Sikre god forankring av folkehelsearbeidet i andre planverktøy hjå kommunen.
- Utarbeide ei folkehelseoversikt for kommunen.
- Vera eit bindeledd mellom lag/organisasjonar og kommunen i felles prosjekt/tiltak for å betre folkehelsa til innbyggjarar i kommunen.
- Motivere både dei ulike avdelingane i kommunen og samarbeidspartnarar som lag og organisasjonar, til å drive folkehelsearbeid.
- Setje i gang folkehelseiltak med spesielt fokus på trafikksikring og på andre område.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Forventa effekt:**

- Folkehelseperspektivet er synlig og godt innarbeidd i kommunen sine planverktøy.
- Det er utarbeidd ein folkehelseoversikt for kommunen.
- Kommunen har eit godt samarbeid med lag og organisasjonar om folkehelsearbeid.
- Det er satt i gang nye tiltak med spesielt fokus på trafikksikring og på andre område.

**Framdriftsplan:**

- Haust 2015: Starte arbeid med planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Det blir utarbeida ein rapport på helsetilstand i kommunen. Utvida samarbeid med KnarvikMila om folkehelseiltak.
- Vår 2016: Tilsetting folkehelsekoordinator – samfunnsplanleggar (100% stilling). Vidare arbeid med kommuneplan.
- 2016 / 2017: Utarbeide eit system som sikrar systematisk arbeid med folkehelse i heile kommunen. Dette arbeid blir etablert som eit prosjekt.
- 2017 / 2018: Prosjektarbeid med ny kommunedelplan for pleie og omsorg, ulike tiltak med spesielt fokus på trafikksikring og på andre område, vert gjennomført.
- Vår 2019. Prosjektavslutning. Evaluering og vurdering av om prosjektet skal vidareførast.

**Status:**

- Planarbeid er i rute. Det er utarbeidd ein rapport på helsetilstand i kommunen og revidert forslag til kommuneplan – samfunnsdel, er gått til politisk behandling. Folkehelseperspektivet står sentralt i planforslaget
- Det er gjennomført ulike tiltak for trafikksikring og arbeidet med en ny plan for trafikksikring er godt i gang.
- Folkehelsekoordinator har dratt i gang og mobilisert tilsette i kommunen til å vere med på «sykle til jobben» aksjonen.

**Finansieringsplan:**

Finansiering:	Årlege utgifter:	Kr. 650.000 Personalutgifter for ei 100% stilling
		Kr. 145.000 Diverse utgifter tiltak, seminar, møter
	Årlege inntekter:	Kr. 650.000 Lindås kommune, trafikksikringsmidlar
		Kr. 145.000 Hordaland fylkeskommune

Vi håpar på eit positivt svar på søknaden.

Venleg helsing

Assisterande rådmann	Kommuneoverlege	Einingsleiar kultur og aktivitet
Hogne Haugsdal	Terese Folgerø	Øyvind Stang

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Hordaland Fylkeskommune